



SELJE KOMMUNE

Oppvekst og kultur

Kultur og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar:

Bård Fløde

dek 63

Kultur- og kyrkjedep.	
200800086	16.4.09
Kode: Vi-212	Beh.

Dykkar ref.

Vår ref.

09/262-1/FE-

Dato:

06.04.2009

Høyring -- Pilgrimsmotivet som nasjonalt satsingsområde

Uttale frå Selje kommune om utgreiinga "På livets vei".

Bakgrunn

Utgreiing frå Kultur- og kyrkjedepartementet, førd i pennen av Per Kvistad Uddu, inneheld ei grei omtale av både Selja og Kinn saman med nokre tiltak for utvikling av desse stadene som pilegrimsmål sett i lys av kystleia Stavanger-Trondheim. Imidlertid står ikkje dei foreslåtte tiltaka i stil med Selja si opprinnelige og moderne betydning som pilegrimsmål.

Selje kommune ser svært positivt på initiativet frå KKD om at ein vil styrke utviklinga av pilegrimsleiene i Norge gjennom "Pilegrimsmotivet-et nasjonalt satsingsområde". Det er imidlertid viktig å ha i minnet at kristninga av Vestlandet gjekk føre seg under påverknad frå vest og at ferdselsvegane var godt utvikla mellom dei britiske øyane og Vestlandet, med den påverknaden som kom derifrå då båten var framkomstmiddelet og øyane i vest var våre næraste naboar.

Riksantikvaren, i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Selje kommune og Opplysningsvesenets Fond, (Sjå St.m. nr. 16, 2004-2005), satsar stort på skjøtsel, konservering og opplysning/informasjon om Selja si viktige rolle i kristningsprosessen av Vestlandet. Dette skal i særleg grad auke tilgjenge og kunnskapen om dette viktige anlegget blant folk flest og for pilegrimar og vert difor viktig i dette satsingsprosjektet frå KKD. Når Riksantikvaren og andre går såpass tungt inn, bør dette arbeidet naturleg føre til at Selja vert eit regionalt pilegrimssenter.

Aukande interesse for Selja som pilegrimsmål

I Selje har vi gjennom dei siste åra sett ei aukande interesse for Selja som pilegrimsmål gjennom besøkstala for Selje kloster og helgeanlegg, interessa for saga om Seljemennene og legenda om Sankta Sunniva. Sunniva var som kjent Norges første helgen, lenge før Olav, og

Postadresse:
6740 Selje

Telefon:
57 85 85 00

Telefaks:
57 85 85 01

E post:
post@selje.kommune.no

dessutan den einaste kvinnelege. Selja er og Norges eldste kyrkjestad med Sunnivahellaren som "Norges eldste kirketak" (slik uttrykte Sigrd Undset det). Selja er og ei av dei få stadene der både heilagstaden (i hellaren) og klosteret (på sletta nedanfor) er på same stad. Arkeologiske utgravingar har dokumentert kontakten med resten av Europa gjennom funn av fleire utanlandske pilegrimsmerke.

Merking av ferdselsvegane

I Selje kommune har det i dei siste åra vore stort engasjement for å få fram dei gamle ferdselsvegane i regionen. Kongevegen Kjøde-Selje har vorte rydda og merka og det same er gjort med den gamle "Trondhjemske Postveg" gjennom Berstaddalen. Kyrkjevegen mellom Selje og Stadlandet er og rydda og merka. Nordsjøløypa vert det og arbeidd med, og denne løypa vil gå i mange av dei gamle traseane. Ikkje minst vil denne løypa gå gjennom den gamle kyrkjestaden Bø og ende opp på klosteret på Selja.

Aktivitetar og utvikling

Det er no under arbeid ei pilegrimslei frå Kinn til Selja og ein reknar med at denne vert opna våren/sommaren 2010. Kvart år vert Seljumannamesse arrangert på Selja til minne om Seljemennene som kom i land på Kinn og på Selja. Seljumannamesse 8. juli er godt kjend over store område og var svært viktig i mellomalderen.

I tillegg vert translasjonsdagen for Sunnivaskrinet på 7. september markert i samband med at bispesetet for Vestlandet flytta frå Selja til Bergen i 1170 etter om lag 100 år på Selja. Arrangementet "Lyset frå Selja-Spor etter Sankta Sunniva" er i ferd med å verte etablert som årleg arrangement. I tillegg vert og "Dragseidspelet", ei historisk framsyning om Olav Trygvason og kristninga av fire fylker i 997, vist fram på Dragseidet annakvart år.

Regionalt pilegrimssenter til Selje

På bakgrunn av ovanståande korte samandrag om historie og aktivitetar som vedkjem Selja, meiner vi at Selja bør inn som eit regionalt pilegrimssenter. Røldal er føreslege å vere eit kontaktpunkt for pilegrimsfart til Selje. Dette meiner vi kan verte vanskeleg å få til, sidan Røldal ligg langt frå Selja. Røldal er og ei innlandsbygd og vil ikkje vere representativ i historisk samanheng for kystfarten langs Vestlandet.

Sett i samanheng med pilegrimsfart med båt frå Stavanger via Avaldsnes-Bergen-Kinn-Selja-Veøy til Trondheim, vil det vere naturleg med eit regionalt pilegrimssenter i Selje, som var det viktigaste pilegrimsmålet på Vestlandet i mellomalderen og som er i ferd med å utvikle seg til eit viktig mål i dag. Sett i perspektiv av nasjonalt satsingsområde der ein dreg inn moment som både forskning, internasjonalisering, turisme og reiseliv, er det heilt naturleg og heilt nødvendig at det vert etablert eit regionalt kystpilegrimssenter i Selje. Dette bør gjerast for å ta vare på kystpilegrimen, både i historisk perspektiv og ikkje minst for pilegrimane i moderne tid. Pilegrimsfarten til Trondheim og Olav vil mangle eit viktig moment dersom Selja ikkje kjem inn i systemet og får den merksemd staden bør ha. Representantar frå Selje var til stades på regionmøtet i Stavanger i september 2008 og la der fram status for Selja; kva vi arbeidde med og kva som var siktemålet.

I dei seinare åra har mange utanfrå fatta interesse for Selja. Den gresk-ortodokse kyrkja i Norge har fleire gonger lagt samlingar til Selja og Ervik. Utsendingar frå den gresk-ortodokse kyrkja i Hellas har vore på fleire synfaringar og har seriøst vurdert om det kan byggjast eit


munkekloster på Selja. Vi har og hatt besøk frå den russisk-ortodokse kyrkja både på Selja og på krigsminne over russiske fangar i Ervik. Den katolske kyrkja har gudstenester fleire gonger i året på Selja.


Konklusjon

Selje kommune vil på bakgrunn av overståande tilrå at det vert oppretta regionalt pilgrimsenter i Selje med pilgrimsprest i 50% stilling. Selje er ein naturleg stad å plassere eit slikt senter ut frå historisk og moderne pilgrimsfart – for kystpilgrimsleia Stavanger – Trondheim.

Vi støttar oss også til høyringsuttale frå Flora kommune, Seljumannamessekomiteen , Bjørgvin Bispedømmeråd og Prosjekt Pilegrimssenter i Røldal.

Med helsing


Gunn R. V. Helgesen
Ordførar


Bjørn E. Jensen
-Prosjektleder Selje kloster-